LUDVIG HOLBERG
DOBBELTMONARKIETS KULTURELLE MODERNISATOR

GUNNAR SKIRBEKK

DET NYTTIGE SELSKAB

BERGEN 2006

LUDVIG HOLBERG
DOBBELTMONARKIETS
KULTURELLE MODERNISATOR

er utgitt av Det Nyttige Selskab
i anledning etableringenen av
et permanent Holbergminne i Bergen
24. februar 2006

Illustrasjonen på omslaget
er stukket av I. M. Berningeroth
til «Moralske Gedanken», Leipzig 1744

Papiret er
130 g Profi-silk fra Igepa-group
Reinbeck, Tyskland
Omslaget er
Cromocard Linné 240 g fra Stora Enso,
Mölndal, Sverige

Brødsats er Berthold Walbaum Book 11/14,5 pkt.,
skåret av Justus Erich Walbaum (1768-1839)
Titler er Futura halvfet kursiv 12/16 pkt.
skåret av Paul Renner (1878-1956)

Opplaget er 600 eksemplarer

Tilrettelegging og design er utført av
Jo Gjerstad

Bodoni Hus
svarte for den grafiske produksjonen.

Det må ikke kopieres fra denne bok i strid med åndsverksloven
eller i strid med avtaler om kopiering inngått med Kopinor, inte-
resseorganisasjon for rettighetshavere til åndsverk.

©
Gunnar Skirbekk
ISBN 82-7128-398-7
Bergen 2006

Under Det Nyttige Selskabs årsmøte 2004 holdt professor Gunnar Skirbekk foredraget «Ludvig Holberg: dobbeltmonarkiets kulturelle modernisator». På oppfordring fra Selskabet har han bearbeidet manuskriptet for utgivelse, og vi er glade for å kunne presentere det for en større leserskare.

Etableringen av et Holbergminne i Bergen har vært en prioritert sak for Det Nyttige Selskab de siste år. Når planene nå realiseres, er det en glede å kunne markere begivenheten med utgivelsen av dette skrift.

Takk til Wenche og Halfdan B. Griegs idéfond som, med sin bevilgning for 2006, har muliggjort etableringen av et Holbergminne i Bergen.

Bergen i februar 2006.
DET NYTTIGE SELSKAB

Erik Næsgaard
preses

Holberg
– eit namn å merke seg

«Holberg? Som i Holberg-Suite?» Slik var reaksjonen på telefon frå ein tysk kollega då Jürgen Habermas hausten 2005 fekk *Holbergprisen* – ein pris som av den norske stat er lansert som ein Nobelpris for forsking innanfor humaniora, samfunnsvitskap, teologi og rettsvitskap, det vil seie ein Nobelpris for fag som ikkje blir omfatta av dei Nobelprisane som blir utdelte i Stockholm. Frå den norske stats side er dette eit friskt innspel i forlenging av det norske oppdraget for utdeling av Nobels fredspris.

Ein pris på 4,5 millionar kroner, til årleg utdeling. Med kompetente tildelingar til eminente forskarar kan Holbergprisen etter kvart innarbeide seg internasjonalt som ein prestisjepris av første klasse, og dermed bidra til at Holbergs namn og virke blir betre kjent verda rundt.

For Holberg var ikkje berre komedieforfattar, men også ein akademikar og intellektuell med eit forfattarskap som omfattar historie og rettsteori, forutan moralfilosofiske refleksjonar med kritisk brodd mot metafysiske spekulasjonar – og ved alt dette, ein mektig aktør ved etableringa av ein offentleg sfære for meiningsutveksling og meiningsdanning, i første halvdel av 1700-talet. Ein forfattar på det lærde språk, latin, men framfor alt på dansk. Såleis gav han prestisje til folkemålet, noko som var vitalt for ein moderne offentleg sfære, tilgjengeleg for lek og lærd. Men det danske språk verka samtidig avgrensande; nedslagsfeltet for Holbergs danskspråklege skrifter var i første omgang det dansk-norske dobbeltmonarkiet.

«Holberg? Som i Holberg-Suite?» Musikkens språk er internasjonalt tilgjengeleg på ein annan måte enn Holbergs danske skriftspråk, som berre var forståeleg i Europas nordvestre hjørne. Men der, i det dansk-norske dobbeltmonarki, fekk Holberg til gjengjeld ein viktig og varig verknad, ikkje berre som skjønnlitterær forfattar, men også som ein fri intellektuell og som professor i diverse fag, og derigjennom, samla sett, som ein avgjerande kulturell modernisator av det samfunnet der dansk skriftspråk var tilgjengeleg og forståeleg. Det er dette poenget vi skal samle oss om i det påfølgjande.

Kulturell modernisering – eit samlande perspektiv?

Hos oss er Ludvig Holberg, fødd og oppvaksen i Bergen, vel kjend for sine komediar, og han er også kjend for sine moralske fablar og levnedsbeskrivingar og for sine historiske verk, og kanskje til og med for sine bidrag i rettsteori, med teologiske innslag.[1] Med andre ord, han er kjend som ein mangfaldig herre, aktiv på brei front i si samtid, frå det litterære og dramatiske til det vitskaplege og allment opplysande innanfor ein gryande offentlege sfære. Slik sett var det berre rett og rimeleg at Universitetet i Bergen, i det herrens år 2004 – 250 år etter hans død i 1754 og 320 år etter Ludvig Holbergs fødsel i Bergen i 1684 – fekk i oppdrag å stå for utdelinga av den internasjonale Holbergprisen for forsking innanfor det vi tidlegare kalla åndsvitskapane, *die Geisteswissenschaften* – det vil seie, for forsking som ikkje er

nyttig ved å kunne brukast instrumentelt, men som er både nyttig og nødvendig fordi slik forsking kan vere dannande og innsiktsgivande: «Bruken» av slik forsking tar form av formidling og kritisk tileigning i den offentlege sfære, ved meiningsutveksling og meiningsdanning, men også ved opplæring i utdanningsinstitusjonane, frå barnetrinnet og oppover.

Holberg står for eit mangfaldig virke. Men er det eit mangfald som sprikar i forskjellige retningar, eller finst det ein samlande tråd i det heile? Kan vi tale om ein einskap i mangfaldet, i den forstand at det er mogleg å finne eit samlande perspektiv som pregar dei ulike aktivitetane?

Ein dristig tanke, for aktivitetane er av ulikt slag, og det rår til dels ulike syn på korleis dei bør oppfattast.[2] Likevel vil eg våge den påstand at det er mogleg å sjå Holbergs mangfaldige virke i eit samlande perspektiv. Kort sagt, eg vil hevde at vi med fordel kan sjå Ludvig Holberg som ein kulturell modernisator av det dansk-norske dobbeltmonarkiet: Kulturell modernisering kan oppfattast som eit samlande perspektiv på hans vidløftige virke. Det er denne tanken vi skal målbere i dette essayet, som derfor har tittelen «Ludvig Holberg: dobbeltmonarkiets kulturelle modernisator».

Kulturell modernisering – eit aktuelt prosjekt

Dersom denne tanken er liv laga, inneber det at Holberg kan seiast vere ekstra aktuell for oss i dag: I ei tid prega av religiøs fundamentalisme, med bokstavtru skriftlesing og utan differensiering mellom det juridisk-politiske og det religiøst-teologiske nivå, kan vi visseleg seie at kulturell modernisering er eit ettertrakta gode og eit aktuelt prosjekt!

Samtidig har vi i dag dei mange «stundesløse», slik som vår tidlegare såkalla moderniseringsminister, som har fått det for seg at modernisering er det same som deregulering og privatisering – ei oppfatning som framstår som lett komisk i lys av den type kulturell modernisering som Holberg var med å dra i gang, tidleg på 1700-talet.

I våre tider, plaga som vi er av talibanske mullaer og nyreligiøse fundamentalistar på den eine sida og travle moderniseringsministrar på den andre, ser vi endå klarare enn før at Holberg som modernisator var ei sann velsigning og ei uvurderleg nådegåve for folk i det dansk-norske dobbeltmonarkiet! Måtte vi skjøtte denne arven med kløkt og forstand!

Det Nyttige Selskab – i godt selskap

Kulturell modernisering assosierer vi gjerne med det såkalla moderne prosjekt, slik det tok form i opplysningstida utover på 1700-talet. Og Ludvig Holberg kjem inn i den tidlege fasen av det vi

slik omtalar som det moderne prosjektet. Men når vi refererer til opplysningstid og moderne prosjekt, er det nærliggande å stoppe opp og minne oss om at dette også er bakgrunnen som dei mange nyttige og lærde selskap som vart skipa i denne tida – slik som *Det Nyttige Selskab*, innstifta 18. oktober 1774, tjue år etter Holbergs død og nitti år etter hans fødsel.

«Lyser og nytter» er selskapets motto – eit motto med verb i imperativ: lys opp og ver nyttig! Opplysning og nytte. Såleis er *Det Nyttige Selskab* eit barn av opplysningstida – som franskmennene kalla *Siècle des Lumières* og tyskarane omtalar som *Aufklärung* – og som vi i tråd med den tyske terminologien kallar «opplysningstid», utan alltid å skilje så klart mellom «opplysning» som *Aufklärung* og «opplysning» som *Auskunft*, med andre ord, mellom «opplysning» som myndiggjerande danning og «opplysning» som det å bli informert om enkle fakta (slik som rutetider eller valutakursar).

Opplysning var (og er) eit mangefasettert og normativt begrep. Ein skulle dannast og utdannast. Ein skulle «lyse», men også vere nyttig. Hos oss, i den lutherske stat, vart opplysningsprosjektet etter kvart sett på som eit prosjekt som omfatta vårt jordiske liv så vel som det hinsidige. Hos Erik Pontoppidan d.y. (1698-1764) får vi såleis ein glidande overgang mellom personleg tru og allmenn opplysning. Sjelsfrelse blir sett i samanheng med eit inderleggjort og personleg trusforhold, som igjen blir sett i samanheng med kjennskap til den heilage skrift, som igjen blir sett i samanheng med materielle vilkår.

Slik framstår dei såkalla potetprestane, som såg det

som ei oppgåve å betre dei jordiske kår hos sine soknebarn, ikkje berre å frelse sjelene. Prestane skulle bringe Guds lys, men Guds lys kravde opplysning, som igjen kravde skulegang slik at den enkelte kunne lese heilage og oppbyggelege skrifter. Opplysning kom slik til å spenne frå det religiøse over det kulturelle til det praktiske liv og dei jordiske krav. *Lyser og nytter!* Det nyttige høyrer også med!

Men opplysning vart ikkje berre oppfatta som nødtørftig utdanning og oppbyggeleg danning, og ei fornuftig betring av dei materielle kår. Opplysning vart samtidig oppfatta som ein danningsprosess ved offentleg bruk av fornuft. Hos opplysningsfilosofen (og protestanten) Immanuel Kant blir opplysning definert som *sapere aude!* – som det å ha mot til å bruke sin eigen forstand, i open og opplyst offentleg meiningsutveksling og meiningsdanning. Opplysning (*Aufklärung*) inneber såleis myndiggjering (*Mündigkeit*), ei danning av sjølvstendige og opplyste individ. I motsetning til dette er den uopplyste og umyndige person ein person som ikkje har evne eller mot til å bruke sin eigen forstand, men som ukritisk og avmektig er underlagd rådande tradisjonar og autoritetar, politiske så vel som geistlege.

I dette omfattande moderniseringsprosjektet inngår både nyttige selskap og vitskaplege selskap.[3] Dei høyrer begge opplysningstida til. *Det Nyttige Selskab* er i så måte i godt selskap.

Lyser og nytter! Nytter og lyser! I den tidlege fasen av opplysningstida, tidleg på 1700-talet, inngår Ludvig Holberg som ein viktig aktør. Og ser vi på brevseglet hans (frå 1723), kan vi sjå to lysande faklar (på eit

berg!) som lyser og losar dei farande skip over havet. *Lyser og nytter!*

Tidsmessig plassering i opplysningstida

Ludvig Holberg har sitt virke i første halvdel av 1700-talet og dermed i ein tidleg fase av opplysningstida. Denne tidsmessige plasseringa er viktig når vi her har valt å tolke Holberg som ein kulturell modernisator: Vi held fast på påstanden om at kulturell modernisering utgjer eit samlande perspektiv til Holbergs mangesidige virke, men det er då tale om kulturell modernisering i ein tidleg fase av det moderne prosjekt. Holberg går ut av tida midt på hundreåret (han døyr i 1754), lenge før den franske revolusjon og lenge før dei nye tankane om republikk og folkestyre. På Holbergs tid er det enno det opplyste eineveldet og kampen mellom kongemakt og adel som bestemmer agendaen. Det ville vere urimeleg å vente at Holberg, som lever og agerer tidleg på 1700-talet, skulle vere ein kulturell modernisator ut frå dei forhold og erfaringar som rår mot slutten av det same hundreåret, for ikkje å snakke om seinare tider: Holberg lever og tenkjer ut frå eit hierarkisk standssamfunn, ikkje ut frå ein egalitær rettsstat og eit politisk demokrati, og han kjenner sjølvsagt ikkje dei trekk ved moderne samfunn som blir kritiserte ved personar som Marx, Freud eller Nietzsche. Når vi omtalar Holberg som kulturell modernisator, meiner vi at han bidrar til kulturell modernisering der og då, i si eiga samtid med dei vilkår som rådde den gong.

Men på Holbergs tid er det moderne prosjekt godt i gang, mellom anna ved framvekst av vitskapane og av dei ulike arenaer for borgarleg offentlegheit der meiningar og holdningar blir lagde fram til drøfting og utprøving, eller til spott og spe på dei skrå breidder. Dette er bakteppet for Holbergs innsats som kulturell modernisator: Med det moderne danningsprosjekt på overgangen inn i det 1700-hundreåret er den borgarlege offentlegheit i emning. Som sagt, dei nyttige og lærde selskap veks fram. Salongane med lødig samtale om litterære og filosofiske emne held fram. Vi får offentlege museum og samlingar av forunderlege saker og ting. I tillegg til bøker og pamflettar får vi aviser. Etter kvart kjem dei store oppslagsverk, slik som den franske *encyclopédie*, til allmenn opplysning for det lesande publikum. I det dansk-norske monarki blir skulevesenet organisert (1737). Og oppi alt dette lever teateret sitt stormfulle liv, med vekslande konjunkturar for toleranse og ytringsfridom.

Dette er dei institusjonane i den borgarlege offentlegheit som Holberg forheld seg til – i tillegg til lærdommens tradisjonelle institusjon, universitetet, der han hadde forskjellige stillingar frå 1718 og til sin død i 1754.

Universitetet i København vart oppretta i 1479, men enno på Holbergs tid var det ein liten og heller beskjeden institusjon. Det var her Holberg hadde stilling og fast utkomme, i tillegg til det han tente som diktar og skribent. Men også på universitetet førte han eit omfakkande liv. Vi minner om hans vandring gjennom ulike fag ved det københavnske universitet: I 1718, i ein alder av 34 år, blir han professor i

metafysikk (eit fag som han oppfatta som tilstivna og livsfjernt, eit syn som han gir tydeleg til kjenne i *Erasmus Montanus*, med raljering over skolastisk dårskap). To år seinare, i 1720 (i ein alder av 36 år) blir han professor i latin, og ti år deretter, i 1730 (alder 46) blir han professor i historie, for så å bli kvestor sju år seinare, i 1737 (alder 53) – og denne universitetsadministrative stillinga hadde han til sin død i 1754, i ein alder av 70 år. Etter våre begrep ein overraskande karriere, på kryss og tvers mellom ulike fag, og med ein påfallande sorti som universitær finansforvaltar! Men Holberg var ingen glimrande førelesar, og hans avgang som professor gav neppe opphav til sorgreaksjonar, korkje hos han sjølv eller hos studentane.

Dermed har vi plassert Holberg tidsmessig med tanke på arbeidet hans på universitetet, den vitskaplege institusjonen. Men Holberg er jo ikkje minst kjend for innsatsen som komedieforfattar og essayist – ein innsats som spelar seg av innanfor ulike arenaer i den borgarlege offentlegheit. Utgivingane av dei historiske skriftene strekker seg frå 1715 til 1745, og jamvel om mange av komediane vart skrivne i perioden 1722 til 1725, stammar det fantasifulle eposet *Peder Paars* frå 1719 og den minst like fantasifulle reiseromanen *Niels Klims underjordiske Rejse* (*Nicolai Klimii Iter Subterraneum*) frå 1741, og dei moralske tankar samt epistlar og levnedsbrev blir utgitte frå midt på 40-talet og utover.

Det moderne prosjekt – vitskaplege framsteg og offentleg samtale

Det moderne prosjekt blir gjerne framstilt som ein framgang i fornuft og opplysning, og dét på to ulike, men interagerande felt, nemleg *vitskapleggjering* (med basis i dei lærde selskap og etter kvart i universiteta) og *offentleg meiningsdanning* (med basis i dei ulike fora for den borgarlege offentlegheit, slik som salongar, skrifter og teater). Det interessante ved Holberg i denne samanhengen er at han er aktiv *både* innanfor vitskapane (på universitetet) og i den offentlege meiningsdanninga (på teateret og ved sine skrifter) – og til overmål er han aktiv og produktiv innanfor ulike felt begge stader: ved ulike fag på universitetet og ved ulike sjangrar og ytringsformer i den borgarlege offentlegheit. Her møter vi det mangfald av aktivitetar som vi kommenterte innleiingsvis. Men samtidig er det slik at målgruppa langt på veg er den same for Holbergs arbeid innanfor historieskriving, rettstenking og moralfilosofi på den eine sida og hans komediar, fablar og epistlar på den andre: Målgruppa er den opplyste borgar, den opplyste lesar.

Når vi held fast ved at Holberg er ein aktiv bidragsytar i den tidlege fasen av det moderne prosjekt, på første halvdel av 1700-talet, der han markerer seg innanfor eit vidt spekter av fag og sjangrar, kan det vere nyttig å minne om kven han omgav seg med, av store ånder i samtida. Kven var hans samtidige? Som eit raskt oversyn kan vi vise til følgjande namn: Ludvig Holberg lever samtidig med Montesquieu (1689-1755), men før Voltaire (1694-1778), for ikkje å

nemne Kant (1724-1804) som «florerer» mot slutten av hundreåret. Holberg var vel bevandra i romersk filosofi (han var jo m.a. professor i latin), men i rettsteorien stør han seg i stor utstrekning på personar frå den nære fortid, slik som Pufendorf (1632-1704) og Thomasius (1647-1706). Som bakteppe kan vi elles nemne namn som Montaigne (1533-1592), Grotius (1583-1645), Hobbes (1588-1679), Locke (1632-1704) og Bayle (1647-1706).

Når vi på denne måten plasserer Holberg i samtida og i forhold til ulike institusjonar og aktivitetar, er det sjølvsagt også på sin plass å minne om at Holberg var ein reisande mann. England, Frankrike, Italia … Ofte til fots og ofte over lengre tid! Levnedsbreva er ei fornøyeleg kjelde for den som vil følgje han på reisene. Og desse reisene var sjølvsagt viktige for ein som ville la seg danne på moderne vis: Det er vel og bra å lese og skrive, men den som er nyfiken på dei andre og undrande overfor sitt eige, vil dessutan ha utbyte av å sjå seg omkring og møte andre livsformer og tradisjonar. Også her, som «intellektuell turist», er Holberg eit moderne menneske.

Den politiske konteksten

Før vi kommenterer Holbergs tankar om politiske og rettslege problem kan det vere nyttig å minne om den politiske konstellasjonen på 1600-talet og tidleg på 1700-talet: Ei hovudspenning galdt maktforholdet mellom konge og adel, der det framveksande borgarskapet i første omgang tenderte mot å støtte kongedømmet mot adelen og dens privilegie. Såleis

vart eineveldet innført i det dansk-norske dobbeltmonarkiet i 1660, under Fredrik den 3. Kongen skulle vere suveren, eineveldig. All verdsleg makt skulle ligge hos kongen. Kongedømme skulle forpakte «alle jura majestatis, absolutt regjering og alle regalia». Kongens vilje er lov, og kongen sjølv er heva over lova. Oppstand mot kongemakta blir dermed stempla som illegitimt. Kongen er berre underlagd Guds dom.

Men korleis skulle ein forklare at all legitim makt ligg hos kongen? Kan ei slik oppfatning (om kongens suverenitet) sjølv legitimerast, det vil seie grunngivast med overtydande argument? «Konge ved Guds nåde», det var den hevdvunne tankefiguren for å legitimere kongens makt: Legitimeringa skjer her ovanfrå og ned, frå Gud til konge. Men etter kvart veks det fram ein annan tankefigur, som går nedanfrå og opp, for å seie det slik. Ein tenkjer seg at alle myndige personar i opplyst eigeninteresse har inngått ein kontrakt om å overføre all makt til kongen, som på si side skal sikre lov og orden i samfunnet. Dette er ikkje tenkt som ei historisk hending, noko som faktisk har skjedd. Det er tale om ein tenkt kontrakt, som alle fornuftige personar ville ha slutta seg til så sant dei forstår sitt eige beste. Slik tar kontraktteorien for legitim makt form, t.d. hos Thomas Hobbes og John Locke.

Det er denne realpolitiske konstellasjonen og slike tankemønster som utgjer konteksten for Ludvig Holberg når han tidleg på 1700-talet orienterer seg i det politiske og rettsteoretiske problemfeltet. Spørsmålet om folkestyre og demokratiske ordningar står ikkje på dagsordenen.

Rettsteori og historieskriving

Hobbes tenkjer at menneska, utan ei ordnande statsmakt, ville leve i ein tilstand av alles krig mot alle – *bellum omnium contra omnes;* rett nok, ikkje alltid som open kamp, men alltid som underliggande strid og konflikt, fordi vi alle er sårbare, samtidig som ressursane er knappe. Mennesket i naturtilstanden, utan statsmakt, framstår derfor som *homo lupinus* – einslege ulvar i stendig strid med kvarandre. Nettopp derfor, meiner Hobbes, er det i alles interesse å inngå ein kontrakt, der all legitim makt blir samla i eitt organ, det vil seie hos ein eineveldig konge, som dermed utøver legitim makt ved å halde oppe ro og orden, det vil seie ved å sikre eit statssamfunn, i kontrast til naturtilstanden der den enkelte lever i stadig fare for fatale overgrep og brå død, i regi av eins medmenneske. Slik blir kongens suverenitet forklart ut frå tanken om ein kontrakt, der kvar og ein frivillig og i langsiktig eigeninteresse avstår makt til kongen. Heile poenget med denne kontrakten er derfor folkets (dvs. kvart individs) opplyste eigeninteresse, ikkje kongens. Kongen får all legitim voldsmakt, men han har denne retten fordi dette er i alles interesse. Ein konge som ikkje maktar å halde oppe ro og orden, men som blir jaga frå krona, har derfor ingen rett til å få krona tilbake. Kontraktteorien gir derfor ikkje det same vern for kongen som ideen om arvekongedømmet av Guds nåde.

Men kontraktteorien kunne oppfattast noko ulikt. Hos John Locke, t.d., blir mennesket tenkt som grunnleggande sosialt, og dermed blir behovet for ei

samla og ordnande statsmakt tenkt på ein mildare måte. Med eit mildare menneskesyn følgjer eit mildare syn på statsmakta.

I desse spørsmåla forheld Holberg seg først og fremst til Grotius, Pufendorf (*De jure naturae et gentium*, 1672), og Thomasius. Vi minner om tittelen på Ludvig Holbergs verk *MORALske Kierne Eller INTRODUCTION Til Naturens og Folke-rettens Kundskab / Uddragen Af de fornemste Juristers, Besynderlig Grotii, Puffendorfs og Thomasii Skrifter / Illustreret med Exempler af de Nordiske Historier og confereret med vore Danske og Norske Love / Recesse og Forordninger* (Første Part. Kjøbenhavn / Findes tilkjøbs hos Johan Kruse Og trykt hos Ove Lynnov 1715).

I tråd med tankar i tida går Holberg inn for ein sterk og udelt stat (og ikkje maktfordeling, som t.d. hos Montesquieu): «*Republiqvers Forme* ere enten ordentlige eller u-ordentlige». Anten er det orden eller så er det uorden, og orden krev ein sterk og udelt stat, altså makta samla på ei hand, hos suverenen. Samtidig finst det ingen verdsleg rett til motstand eller oppreist mot denne suverenen, jamvel om suverenen handlar tyrannisk: Det finst… «intet menneskelig Middel mod Kongers og Fyrsters Uret … Ingen uden Gud er en Fyrstes Dommer».[4] Her framstår Gud som kongars konge (og fyrstars fyrste), det vil seie som ein teologisk overdommar, i kontrast til grunnpoenget i den verdslege kontraktteorien for kongens legitime suverenitet, der denne legitimiteten blir sagt å stamme frå folket ved frivillig kontrakt.[5]

I den *normative rettsteorien* står Holberg dermed

nær det harde standpunkt hos Hobbes. I *Dannemark og Norges Beskrivelse* (1729) gir han såleis ei kontraktteoretisk forklaring på den kongelege suvereniteten, idet han hevdar at eineveldet vart innført (i 1660) ved eit frivillig tilbod frå stendene (borgarskapet), som eit normsetjande historisk faktum, og når denne kontrakten først er inngått, har innbyggarane ikkje rett til protest.

Men i den *historiske framstillinga* opererer Holberg likevel med *faktiske* grenser for kongens suverenitet. Såleis seier han i *Dannemark Riges Historie:* «Og, naar Eenevolds-Magten misbruges og bliver Tyranisk, skeer Opstand, hvoraf Frihed igien flyder.» Med andre ord, misbruk av eineveldig makt skaper motstand, og då vender makta tilbake til folket. Dette er i så måte ein mildare versjon av det hobbeske poenget om at ein tyrannisk eineherskar, når han faktisk er styrta, ikkje lenger har ein rett til å komme tilbake til makta. Her blir det sagt at maktmisbruk som skaper oppstand, i seg sjølv er nok til å at rettsgrunnlaget «flyder».

Også når det gjeld menneskesyn, står Holberg ein eller annan stad mellom Locke og Hobbes: Mennesket er av naturen sosialt (*animal sociabile*) – dette er i tråd med Locke. Men samtidig seier Holberg at «Den rette Aarsag derfor, hvorfore Societeter og Stæder ere indstiftede, er Frygt, som det ene Mennesket haver for det andets Ondskab..» – og dermed står han truleg nærast Hobbes (og Hobbes' syn på menneskets «ulvetilstand», *statum lupinum*).

Vi har antyda at historieskrivinga har relevans for rettsoppfatning. Når det gjeld Holbergs som histo-

rieskrivar, er det elles verdt å merke seg at han ikkje tyr til overnaturlege forklaringar – han er ikkje ute etter «en Kiede af u-rimelige Jæretegn og Miracler». Her framstår han som ein ekte son av opplysningstida: Han er interessert i å beskrive det vanlege, det naturlege. Han er interessert i å finne naturlege forklaringar på vanlege og naturlege hendingar.

Opplysning – samfunnskritiske og moralfilosofiske bidrag

Tidleg på 1700-talet var samfunnskritikk ein risikabel geskjeft. Men samfunnskritiske tankar kunne publiserast i skjønnlitterære former. Slik kan vi lese Holbergs «heroisk-komiske» verk *Peder Paars* (1719 – med undertittel *Specimen paa et Dansk Poema Heroico-Comicum*). Det er sagt om dette verket at det «innledet opplysningstiden i Danmark-Norge»:[6] Det er vittig, men med skarp kritikk av fordommar, bl.a. vankunne og overtru hos dei geistlege. Men av Holberg blir det likevel (eller kanskje nettopp derfor) omtala som «innocent raillerie», som uskyldig spøk – slik kan ei litterær form gir rom for sviande samfunnskritikk!

Eit tilsvarande prosjekt er *Niels Klims underjordiske Rejse* (1741), der hovudpersonen gir seg inn i *Mariminehollet* i Sandviken og endar i det underjordiske *Potu* (språkleg ein omvendt «utop-i»). Slike litterære fantasireiser utgjorde ein kjend sjanger i samtida (jf Montesquieus *Lettres Persanes*); på den måten kan ein unngå sensuren, samtidig som ein får det lesande publikum til å sjå det kjende og sjølvsagde med eit

nytt blikk: Ved slike *Verfremdungs*effektar blir lesaren betre i stand til å sjå både seg sjølv og dei andre på ein ny måte. I så måte kan det oppstå ein danningsprosess som omfattar bevisstgjerande sjølvrefleksjon og forfriskande innsikt i andre måtar å leve på og å ordne samfunnet på – med andre ord, eit sant opplysningsprosjekt.

Så kan det tilføyast at dette verket opphavleg vart forfatta på latin: *Nicolai Klimii Iter Subterraneum* – og dét kunne ha eit dobbelt poeng: latinen opna for eit internasjonalt publikum, samtidig som eit latinskspråkleg verk kunne oppfattast som mindre anstøteleg enn eit verk på det danske folkemålet.

Og anstøteleg kunne det saktens vere, når religion og kjønnsroller blir omtala på uvante måtar, saman med omtalen av alle dei ustyrlege og «stundesløse» reformatorane som i sin ustoppelege iver plagar andre, og som sjølve manglar sindig ro og ettertanke – og derfor har dei «rotfaste» blant dei underjordiske innbyggarane innført forvisning og eventuelt dødsstraff for utidig mas om reformer som ingen vil ha![7]

Men også *komediane* kan oppfattast på ein tilsvarande måte – fornøyeleg underhaldning, ja visst, eit litterært grep som får publikum til å sjå og oppleve det komiske i komedien, som på same tid er outrert og lett gjenkjenneleg, og som dermed også opnar blikket for tilsvarande trekk ved livet utanfor teateret. Og slik lærer publikum å le – og latter er ein seriøs affære, for det ligg symbolsk makt i det å bestemme kva som er latterleg og kva som vi ikkje må le av. (Ikkje utan grunn var det frykta for at latteren ville undergrave hevdvunnen autoritet som utgjer kjernepunktet i

Umberto Ecos fantasifulle verk om det bortkomne aristoteliske skrift.) Holberg seier det slik: «Mine Comoedier indeholde Skiemt, eller de Sandheder, som søges med Latter».[8]

Men komediane representerer ikkje berre ein særeigen litterær sjanger. Dei inngår samtidig i ein spesiell institusjon i det offentlege rom, teateret. Og i ettertid, for det store publikum, er det her Holberg framstår som velkjend, i eigenskap av å vere ein fornøyeleg og lattervekkande komedieforfattar. Frå *Den politiske Kandestøber* i 1722 og over ein påfølgjande treårsperiode skreiv Holberg ei rekke komediar, som i dag utgjer eit kjent og kjært kulturelt felleseige – *Jean de France*, *Jeppe på Bjerget*, *Den Stundesløse*, *Erasmus Montanus*, og andre. Fornøyelege og lattervekkande, og i så måte potensielt kritiske: «Rasmus Berg» og «Hans Frandsen» – «*il faut ridiculiser les ridicules*» (ein bør latterleggjere dei latterlege), slik tittelen var på ein fransk film om tilsvarande fenomen. Men utover det latterlege i form og åtferd, viser komediane også til underliggande spenningar, slik som eit uavklart forhold mellom folkeleg visdom (der sola står opp og går ned over den flate mark) og vitskapleg innsikt som ser ting annleis, men som lett kan føre feil av stad når dei folkelege fordommane er tunge og den sjølvkritiske formidlingsevna på akademisk side er lite utvikla.[9]

Om Holberg ikkje kan seiast å vere ein forsvarar av folket eller av folkestyret, er han interessant nok ein forsvarar av kvinnekjønnet mot hevdvunne fordommar. I *Peder Paars* har vi såleis den kjende og ofte siterte passus:

> Lad dem studere, som har bedste Sindsens Gaver!
> Lad dem regiere, som et Huus kand forestaae!
> Den som beqvemmest er, lad Den ved Roret staae!
> Skal A, Skiøndt hun er Viis, fordi hun er en Qvinde,
> Fordi hun gaaer med Skiørt, fordømmes til at spinde!
> Skal B, som er en Nar, en Drukkenbolt, et Faar,
> Strax Mester være, just for han med Buxer gaaer?

Og skriftet *Zille Hans Dotters Gynaicologia eller Forsvars Skrift for Qvinde-Kiønnet*[10] (1721) har vi det kjende sitatet:

> ... hvis Mer os betroet var, vi kunde Meer forrette.

I meir prosaiske former bidrar Holberg til å synleggjere kvinnene i skriftet *Adskillige Heltinders og Navnkyndige Damers Sammenlignede Historier* (utgitt i Kjøbenhavn i 1745).

Metafysikken og den etablerte skolastikk baud Holberg i mot, både som dogmatisk disiplin og som steril disputasjonspraksis. Men moralfilosofiske refleksjonar, gjerne i essayistisk form, tiltala han, og den slags filosofi praktiserte han i fleire samanhengar, gjerne som eit forsvar for praktisk forstand mot ortodoksi og fordommar: *Moralske Tanker* (1744), *Epistler* (1748-54), forutan *Moralske Fabler*, og *Levnedsbreve*. Eit par sitat kan tene til å illustrere Holbergs grunnholdning og arbeidsmåte, der han klart framstår som ein moderne og post-metafysisk moralfilosof:[11]

> «Jeg holder for, at det fornemmeligen er en Philosophi Pligt at examinere antagne Meeninger, om de ere vel grundede eller ey.» [12]

Han seier at han avskyr

> «at leve udi en brutal Samdrægtighed ligesom umælende Creature». «Thi ved Uenighed kommer Sandheden for Lyset.»[15]

Vidare, følgjande sterke ytring, med tanke på forhold mellom den frie tanke og nedervde trusførestillingar:

> «Da jeg forstod at det fremfor alt er den frie evne til å tenke som skiller oss fra dyrene, anså jeg det for et menneskes plikt å undersøke de nedarvede trosforestillinger fra våre forfedre, lese de forbudte bøker og tvile på alt.»[14]

Lese forbodne bøker og tvile på alt – sterkare kan neppe dei radikale tankane i opplysningstida formulerast! Og der er meir av same slaget:

> «Barn må gjøres til mennesker før de blir kristne;.. Men man begynner først med guddommelige hemmeligheters katekisasjon, noe som fører til at enhver hårdnakket forsvarer den sekt som han er oppdratt i, og ikke er mottakelig for andre argumenter senere…»[15]

Måtte vår tids talibanske imamar og heilage krigarar av ulike konfesjonar eksponerast for slike holbergske tankar! – Og vidare seier han:

> «Men man begynder med at raabe: Troe! Troe! Førend man viser, hva som bør troes og ikke troes. Det er at gaae til Verks ligesom der fortelles om en vis Dommer, der begyndte først med Executionen, og siden lod Sagen examinere. Jeg vilde derfore glæde mig over den Skole-Forordning, hvorved beskikkedes, at udi første og anden Lectie skulde drives paa moralske Catechisationer, og at Lutheri Catechismus skulde allerførst blive et Præceptum udi tredie Lectie, saa at den første Institution skulde bestaae i at danne Sindet, og bevæbne det mod alle Præjudicia, for siden desbedre at indprente det den sande og sunde Theologie. Thi, hvis een lærer Theologie, førend han lærer at blive Menneske, bliver han aldrig Menneske.»[16]

Desse raske glimt frå Holbergs samfunnskritiske og moralfilosofiske skrifter illustrerer korleis han stod sentralt i det moderne opplysningsprosjektet i si tid. Det gjeld *ulike fag og problemfelt*: rettsteori og

historieskriving – m.a. med blikk for å synleggjere «heltinderne» – forutan moralfilosofiske essays og komisk-kritiske skrifter og komediar for framføring på teateret. Dermed omfattar innsatsen hans *ulike sjangrar*, frå den lærde sakprosa til essays og folkelege komediar. Og dette omfattande virket gjekk føre seg på ulike arenaer, i *ulike institusjonar* (som sosiologane seier): ikkje berre på universitetet og i akademiske fora, men ikkje minst i den framveksande borgarlege offentlegheit, ved essayet og skodespelet. Slik framstår Ludvig Holberg som ein vaskekte og gjennomført ætling av opplysningsprosjektet i hans samtid – ved problemstillingar og tenkjemåtar, ved stil og sjangrar og ved virkefelt og bruk av offentlege arenaer. Slik sett, ein kulturell modernisator!

Dobbeltmonarkiet – ei påminning

Ein kulturell modernisator av det dansk-norske dobbeltmonarkiet. Men kva var no dette monarkiet i tida etter Holberg gjekk bort, midt på 1700-talet? Og kva for verknader kan vi spore, i ettertid? – Dermed kan det vere på sin plass med ei rask påminning om nokre sentrale trekk ved dette regimet.

Det dansk-norske dobbeltmonarkiet på slutten av 1700-talet var ein rettsstat, med gryande allmenndanning (skulelov frå 1737) og til tider med betydeleg ytringsfridom (under Struensee tidleg på 1770-talet). Slik sett var det eit opplyst einevelde. (Men demokrati og rettsstat er jo ikkje det same – vi kan ha rettsstat utan demokrati og demokrati utan rettsstat. Og demokratiske reformer, med allmenn røysterett,

høyrer framtida til – som første steg har vi den norske grunnlova av 1814, og vi har det danske regimeskiftet i 1849, men den allmenne røysteretten, også for eigedomslause og for kvinner, er først i hamn rundt første verdskrig.) Såleis kan vi t.d. notere at den kjende britiske feminist Mary Wollstonecraft omtalar det dansk-norske monarkiet som det friaste regimet ho kjende til (1795), og tilsvarande oppfatningar blir målborne av den kjende britiske demografen Thomas Malthus (1799).

Idealet for det opplyste eineveldet var eit opplyst samfunn i lojalitet under ein opplyst eineherskar. Men idealet tilsvara ikkje heilt realitetane, heller ikkje i det dansk-norske monarkiet. For vel var eineveldet innført i 1660,[17] og vel var regimet rimeleg opplyst og sivilisert, men Christian den 7. – som regjerte frå 1766 til 1808, i 42 år – var mentalt ganske bortreist, slik at det «eineveldige» styret i realiteten låg i hendene på opplyste embetsmenn. Monarkiet var i så måte langt på veg eit embetsmannsstyre. Og mange av fremste embetsmennene var tysktalande og progressive – og nettopp dette poenget fortener eit par merknader:

Aller først kan det vere på sin plass å minne om at det dansk-norske monarkiet (eller embetsmannsregimet!) ikkje var ein nasjonalstat, men eit fleirnasjonalt statsstyre, under eit felles dynasti. Det var eit fleirspråkleg dynasti, der nærpå ein tredjedel var tyskspråkleg – særleg i hertugdømma Schleswig og Holstein – og elles med dansk, norsk, islandsk, færøysk, inuitisk (eskimoisk), samisk og finsk, forutan ulike folk og språk i Trankebar (i India), i dei danske øyane i Karibia, og i enklaven på Gullkysten. Språket

i kongehuset og i utanrikstenesta, og hos fleire av dei fremste embetsmenn, var tysk, og det same galdt i stor monn for bergverk og handel, og for forsvaret. (Så seint som i 1773 – etter Struensee – vart det vedtatt ei lov om at dansk skulle vere språket i krigsskulane, for slik å stå imot den tyskspråklege dominansen i det dansk-norske militærvesenet.)

Men kven var så desse progressive tysktalande embetsmenn i teneste for dobbeltmonarkiet? Vi minner om tre av dei mest framståande:

Johann Friedrich Struensee (1737-1772), som i *Store norske leksikon* blir omtala som «.. dansk-norsk politiker av tysk herkomst, f. i Halle …» Andreas Peter Bernstorff (1735-1797), som same stad blir omtala som «… en av de største statsmenn Danmark-Norge har hatt… Han har en vesentlig del av æren for bondestandens frigjøring 1787…». Og Christian Ditlev Reventlow (1748-1827). Det som her ikkje blir sagt, er at desse framståande embetsmennene, som på avgjerande vis var med å bere det dansk-norske monarkiet fram, var tyskspråklege, ofte utan å kunne forstå eller uttrykke seg på dansk.

Så på toppen var det dansk-norske monarkiet korkje dansk eller norsk, men tysk – liksom det «i toppen» heller ikkje alltid var eit monarki (meir enn i namnet), men snarare eit embetsmannsstyre.

Akkurat dette kan det vere verdt å minnast: Vi her til lands gløymer så lett det tette og gode forholdet vi har hatt til tyske kultur og samfunnsliv opp gjennom tidene – frå Hansaen, over embetsverket i dobbeltmonarkiet, gjennom universitetsvesenet, teologien og arbeidarrørsla. Det er som vi er offer for ei kol-

lektiv gløymske, i form av ein langvarig reaksjon etter siste krig – ei sviktande historisk erkjenning som i det globaliserte mediesamfunnet blir forsterka ved den engelskspråklege dominansen og den allmenne historieløysa.

Men også i denne samanhengen kan vi ha noko å lære av den gamle meister – han som lærte tysk på gata i Bergen og som livet igjennom hadde tyskspråklege medborgarar i sitt eige nærmiljø. I *Levnedsbreva*, etter vandringar i ulike europeiske land, også dei tyske, har Ludvig Holberg dette å seie om tyskarane:

> «Om Tyskerne kan man sige at de hører til de Folkeslag som ikke gaar til Yderligheder. De gaar aldrig over Stregen, undtagen maaske med Mad og Drikke. De gaar sjældent bort fra den slagne Landevej, gaar med langsomme Skridt mod deres Maal, men naar til sidst frem til det. De har mange gode Egenskaber, men ikke Heltemod. De er tapre, men render ikke af sig selv Døden i Møde som Englænderne.»[18]

Etterverknader – «Wirkungsgeschichte»

Ein son av opplysningstida i den tidlege fasen, og ein kulturell modernisator i det dansk-norske dobbeltmonarkiet i eiga samtid! Men kva kan vi i ettertid spore opp, som varige etterverknader av Holbergs mangesidige innsats? I norsk perspektiv fører dette spørsmålet utover dobbeltmonarkiet og inn i det nittande hundreåret, med den nye norske statsskipnaden i 1814.

I den samanhengen er det lett å gløyme at opplysningstida og dobbeltmonarkiet – forut for 1814 – inngår som ein viktig bakgrunnsfaktor for den norske

statsdanninga. Norsk historie startar liksom med 1814, skal vi tru standardversjonen av norsk historieframstilling![19] Men i vår samanheng er det snarare kontinuiteten som er slåande: Dei dansk-norske embetsmenn blir verande på post, og ettersom landet ikkje var belemra av eit sterkt adelskap, samtidig som oppgåvene er mange, får embetsstanden ei særleg viktig rolle i den nye staten. I første omgang er det tale om lutherske prestar og juristar, utdanna ved universitetet i København, Holbergs gamle arbeidsplass (i tillegg kom offiserane, utdanna ved krigsskulane). Og dei nye som kom til, var ofte unge og prega av den nye tids tankar – anten det var Wergeland i kulturen eller Schweigaard i politikken.

I mangel av adelskap – formelt avskaffa i 1821 – var det såleis tre klasser som prega samfunnet tidleg på 1800-talet: embetsmennene, borgarskapet og bøndene.

Embetsmennene var statstenestemenn på grunnlag av høgare utdanning, og i det norske samfunnet (i motsetning til den anglosaksiske tradisjonen) kunne embetsmenn samtidig inneha politiske verv. Vi fekk dei typiske «professor-politikarane», slik som Treschow, Schweigaard, Stang etc. Vegen frå universitetet til storting og regjering var heller kort!

Borgarskapet var ikkje plaga av ein tilbakeskodande landadel, til hinder for ei tilpassing til nye utfordringar.

Bondestanden var fri for liveigenskap og i stor monn både sjølveigande og lesekunnig – ein uvanleg situasjon i samtida. Så var da også ein tredjedel av delegatane på grunnlovsforsamlinga i Eidsvoll av

bondestand – eit uvanleg høgt tal samanlikna med tilsvarande forsamlingar i andre land. Og bøndene kom rimeleg raskt inn i politikken, både lokalt og nasjonalt.

Når vi spør om etterverknadene av Holberg i det norske samfunnet frå 1814 og utover, kan det derfor vere nyttig å ha blikk for denne klassestrukturen. For dersom det kan påvisast at Holberg fann gehør også i bondestanden, kan vi trygt slå fast at etterverknadene i det norske samfunnet var omfattande.

Vi veit at bøndene i stor monn var lesekunnige.[20] Bondestanden var på mange måtar prega av opplysningstida, både ved skulereforma av 1737 og ved dei såkalla potetprestane, men også ved eiga lesing, skal vi tru Francis Bull,[21] som meinte å vite at av dei ni mest lesne bøkene i Noreg på 1700-talet var heile sju skrivne av Holberg. «Av disse sju er det imidlertid kun Niels Klim som repræsenterer Holbergs digtning; det er først og fremst hans historiske skrifter, dernæst hans moralfilosofi, og i langt mindre grad hans digterverker, som har vundet slik utbredelse i Norge». Og vidare: «Fra dødsauktioner efter embedsmændene kunde ofte bøker naa ut til bønderne, og derved vedbli at øve sin virkning flere menneskealdre efter den tid da de var nye og aktuelle. Paa den vis hadde den kjendte rensdyrsjæger Jo Gjende (1794-1884) skiftet bekjendtskap med en litteratur som gjorde ham til en fuldblods rationalist av typen fra 18de aarh. Det var Voltaires, Volneys og især Holbergs skrifter som satte sit præg paa ham, og det var de gamle utgaver av Holberg han hadde faaet fat i, efterat de fra embedsgaardene hadde spredt sig

utover Vaagebygden; Kirkehistorien, Epistlene, og de Moralske Tanker, Peder Paars og komedierne, det var hans yndlingslæsning. Meget rart og forskruet kunde han finde ut ved sin fortolkning, for han vilde altid ha det til at ved næsten hvert ord laa det noget under, 'som gjekk ut paa aa sjikkanere prestan aa skjimte me relione.' … «Holberg var vel 'de støste ljos, nor-lande ha aatt; slik bok som [saam] Holbergs Moralske Tanker bli ikje skrivi hær i værn meir.'» … «Jo Gjende var ikke alene blant vaageværingene med slik meninger. Ola Gulbrandsson Kvaale i Lom (f. 1812) læste Voltaire og Rousseau, men var i ungdommen mest glad i Holberg og Wessel; og det hette sig om Gullbrann Snele at han 'las alder anna ell filosofiske bøker[], og han hel[d]t Holbergs Moralske Tanker for de støste mesterverk i bok-rikje i heile værn'».[22]

Skal vi tru Francis Bull, må Holberg såleis ha hatt ein varig og pregande etterverknad på det norske samfunn, heilt ned til folket!

Men når vi her talar om folkeleg lesing og folkedanning, kan vi samtidig føye til at omkring århundreskiftet og Napoleonskrigane, då landet lei naud (og Terje Wiigen rodde til Danmark etter korn), så stod ein annan forfattar og modernisator fram, Hans Nielsen Hauge (1771-1824), som på ei tid då landet hadde om lag 800 000 innbyggarar skal ha selt om lag 200 000 skrifter, det vil seie om lag eit skrift per fjerde innbyggar, spebarn og oldingar medrekna. I sanning, eit gigantisk opplysningsprosjekt, på sine premissar! Og etterkvart skulle desse haugianarane vere med å endevende det norske samfunnet ved å utløyse dei første folkelege rørslene og ved å fremje ei moderni-

sering «nedanifrå» – som utfordring for hevdvunne standsinteresser og tenkeformer. – Dette er på mange måtar ei anna skål, som fører oss utover Holbergs rolle som kulturell modernisator – men likevel ikkje heilt, for der er ein samanheng i den forstand at både Holberg og Hauge, kvar på sitt vis, var med å forme den folkedanninga, den breie kulturelle moderniseringa som kom til å prege det norske samfunn utover på 1800-talet, og lenger enn det.

Ludvig Holberg som kulturell modernisator

Men la oss vende tilbake til Holberg som kulturell modernisator av det dansk-norske dobbeltmonarkiet! Og la oss no avklare termane: Med «kulturell» meiner vi ikkje berre kultur forstått som kunst, som spesielle aktivitetar, men som kultur i vid forstand, som dei meiningskodar, verdiar og identitetsformer som bestemmer korleis vi er og ter oss og korleis vi oppfattar oss sjølve og dei andre. Kultur i sosiologisk forstand, med andre ord.

Og med «modernisering» forstår vi, i samsvar med tradisjonen frå Weber til Habermas: «differensiering og rasjonalisering», det vil seie, samspelet av grunnleggande institusjonelle differensieringar – t.d. mellom det juridisk-politiske system og det teologiske (og mellom stat, marknad og livsverd) – og av verdsleg fornuft i form av vitskapleggjering og offentleg meiningsutveksling og meiningsdanning.[25]

Såleis forstår vi ikkje «modernisering» slik som det såkalla moderniseringsdepartementet gjorde,

der modernisering vart forstått einsidig ut frå den økonomiske institusjon – der «modernisering» betyr at marknadsinstitusjonen bør gripe om seg overfor andre samfunnsinstitusjonar, frå skule og universitet til infrastruktur og helsevesen, på kostnad av desse andre institusjonane, både statlege og kulturelt-samfunnsmessige. Dette representerer tvert om ei problematisk innsnevring av det institusjonelle mangfaldet i moderne samfunn og dermed av det mangfald av handlingsformer og tenkeformer som krevst i slike samfunn. Derfor kan vi i dag trenge ein Holberg, som ein sann kulturell modernisator, til påminning overfor alle stundesløse kannestøparar som gjer livet surt for dei fleste av oss! Og derfor er den offentlege samtalen så avgjerande – med eit mangfald av røyster og ytringar, i ulike arenaer og sjangrar – frå det burleske teater til dei filosofiske essay – ei open og opplyst meiningsutveksling og meiningsdanning for alle oss feilbarlege og fornuftige borgarar av komplekse moderne samfunn. *Lyser og nytter!* – etter fattig evne! Og i dette kan vi samtidig slå ei bru frå Holberg som kulturell modernisator av dobbeltmonarkiet til dei vi årleg ærar med ein nobel Holbergpris.

Så kan vi prise oss lykkelege for at vi har hatt ein Holberg blant oss – til morskap og latter, og som ei immunisering mot eit førmoderne barbari av det talibanske slaget, men også til innvortes bruk, som botemiddel mot vår eigen dårskap og vår eiga refleksjonsløyse! Aktualiteten er klar: Også i dag har vi godt av Holberg og den kulturelle modernisering han var med å fremje! Ikkje førmoderne fundamentalistar, og heller ikkje urefleksterte og begrepsfattige moder-

niseringsministrar, men kulturell modernisering av det slaget som Ludvig Holberg representerte, under dobbeltmonarkiet tidleg på 1700-talet, den gong då Det Nyttige Selskab såg dagens lys, til nytte og opplysning, det vil seie til *Aufklärung*!

Noter

1 Til forholdet mellom rettsteori og teologi, jf Nils Giljes bidrag i antologien *Den mangfoldige Holberg*, red. Eivind Tjønneland, Oslo 2005. Så kan det tilføyast at Holberg også er omtala som ein føregangsmann for sosiologien, jf Ragnvald Kalleberg.

2 Jf. for eksempel Erik Nielsens drøftingar av *Erasmus Montanus* og spørsmålet om Holberg er på lag med det nye eller det gamle (*Holbergs komik*, København 1984). Eller Nils Giljes drøftingar av Holbergs rettstenking i spenninga mellom hevdvunne og nye tankemønster (sjå ftn 1).

3 Omtrent på same tid, i 1760, får vi *Det Trondhjemske Selskab* – med Gunnerus, Suhm og Schønning – som i 1767 blir omdøypt til *Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab*, etter mønster av *The Royal Society* frå 1663 (og tilsvarande vitskaplege selskap m.a. i Frankrike og Italia).

4 *Norsk idehistorie*, Oslo 2002, bd 2, s. 357.

5 Samtidig som også Gud blir tenkt i rasjonelle kategoriar (jf Nils Gilje ftn. 1).

6 Jf *Norsk idehistorie,*Oslo 2002, bd 2, s. 351.

7 Poenget er kommentert og aktualisert av Jon Hellesnes i *Grunnane*, Oslo 2002, «Holberg og den fantasifulle fornufta», s. 157-165.

8 *Moralske Tanker*, s. 20-21.

9 Så er det også viktig å skilje mellom dei nye vitskapane og skolastisk metafysikk – universitetet på Holbergs tid omfatta på ein uavklart måte dei begge.

01 *Gynaicologia* tyder her «kvinne-lære» (direkte omsett frå gresk), og ikkje gynekologi i moderne medisinsk forstand.

11 I sitt innlegg under utdelinga av Holbergprisen 2005 framheva Jürgen Habermas, med positiv tilslutning, nettopp det moderne og postmetafysiske ved Holbergs filosofiske virke.

12 *Moralske tanker* Libr. I, Epigr. 5, utg. G. Robe, 1859, s. 21; også frå Harald Beyer, «Holberg», *Samtiden* 1954, s. 51.

13 *Ibid.*

14 Første *Levnedsbrev*, ved Aage Kragelund, *Ludvig Holbergs tre Levnedsbreve*, 1965, s. 359.

15 *Moralske tanker*, utg. F.J. Billeskov Jensen, 1992, s. 35.

16 *Moralske tanker*, Libr. I, Epigr. 5, utg. G. Robe, 1859, s. 43-4.

17 Jf også Kongelova av 1665

18 *Levendsbreve*, s. 57.

19 Dette gjeld ikkje berre dei enkle framstillingane til bruk i undervisning. Også eit for øvrig sobert verk som Rune Slagstads *De nasjonale strateger* (Oslo 1998) «bråstartar» tidleg på 1800-talet (med Schweigaard og Stang).

[20] Jf Jostein Fets grunnleggande arbeid *Lesande bønder*, Oslo 1995.
[21] I boka *Fra Holberg til Nordahl Brun*, Kr. 1916, s. 55.
[22] *Ibid.*, s. 58-9.
[25] Jf merknadene mine til kulturell modernisering i G.S. *Vit og vitskap* (1998) eller *Undringa* (2002).